

I morgon er det venta eit nytt fullt hus i Dønhauglåven for då kjem Vassendgutane. Mange meiner at dei 7 frå Åmdalen i Ørsta er det beste festcountrybandet i landet. Dei er utruleg populære og turnelista er fullbooka sumaren igjennom. Både i Uskedalen og dei andre stadene som står på lista blir repertoaret deira prega av innhaldet på Cden Festi ekje slutt, som er bandets plate nummer 9 sidan år 2000.

På denne nye Cden får ein høyra 16 tidlegare hits i kombinasjon med nokre nykomponerte. I tillegg hyllar dei 2 førebilete - Cato Sanden og Teddy Nelson - som dei alltid har plassert høgt på si eiga hitliste. Faktisk starta gutane med covermelodiar av dei 2.

Plata som er ny no er spela inn på heimleg grunn med produsent Svein Erik Åmås bak spakene og han er ingen kven som helst i denne samanhengen. Han har stått bak 7 av deira tidlegare produksjonar, mellom anna 3 som selde tilsaman 250 000 eksemplar.

Den nyaste plata er den første samleplata gutane kjem med og dei meiner den er representativ for det dei har prestert så langt. Lilevel er det ei større oppleving å vera med på festen! Vassendgutane dreg gjerne publikum med på allsang og stemningen blir høg. Og så er bandet på eit høgt nivå med omsyn til lys og lyd.

Dei er framleis 7, men elgitaristen er ny, heiter Frank Willy Utgård og er frå Sykkylven.

I ettermiddag har Magne Huglen liten oversikt over billettsalet, men også det har vore hemma av Telenor-brotet. Det beste råd han kan gje hvis publikum satsar på direkte inngang på Dønhaug er å satsa på kontantar.

Av Ola Matti Mathisen